Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: (Nes) Hesby

Emne: transport av höy

Bygdelag: Brū

Oppskr. av: Olav Nesheim

Gard: -

(adresse): Brū i Ryfylke

G.nr. 4 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Utmark-slått har aldri vore brukt i vårt herad. Storparten av bruka har ein eller fleire hestar og då vert all höy transport gjort av hest medan småbruka (frå 1-5 til 10 da bruker (böra fän) til transporten.

2. Utlöer er ikkje i bruk og har heller ikkje vore brukt i manns-minne. Då bruka i heradet er slette og ligg samla er dei fleste spörsmål under dette nr uvigende. Höyböra lagast ved at ein (feiejer) höyet (d v s slå höyet saman) med ei rive i höveleg) store fang og leggja fange på fange oppe på böra töget, til böra er höveleg stor. På flat mark får beraren hjelp til å reisa seg med böra, hjelparen står altid bak.

3. Höyet vert altid köyrt heim på sommar-föret.

4. Her brukast berre 2 hjuls kjerre, kjerra kallast både (langsle) el (höysle) som dekkar det same. Storleiken på höy sleden kan vekesla ein del men til vanleg er

8294

3 m x 1.2 mest brukt. Høysleden er etter kvart komne heilt or bruk men finst enno bort-sette i reidskaps-skjól og likvande. Sleden kunne vera utan hjul berre med drög og meiar, men til vanleg hadde sleden sma hjul bak og kvilde på drög meiar framme. Skoning er ikkje brukt, heller ikkje reglar for bruk av meie-sled. Det har aldri vore nokon skilnad på høyreidskapene med høy og korn berging. Grindar på høysleden (vogna) er ikkje vanleg, men der slike har vore i bruk kallast det høy-grind.
Det korkje er eller har vore nokon regel for høylessing, i eldre tider vart høyet (geija) før lessing, og fast-spent til sleden med tau både på langs og tvers. Eit vanl. høylass veg frå 3- til 400 kg.
Ein kjenner ikkje føresegner for sisste lasset. eller som der skulle liggja noko att, alt vart og er vel sanka.
nr 5 og 6. Er ukjende tilhöve i bygda

8294

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING